

Permisjon frå den pliktige opplæringa i grunnskulen

Her fylgjer svar på ein del spørsmål om permisjon frå den pliktige opplæringa i grunnskulen. Dette har vorte særleg aktuelt fordi det er kome nye reglar for føring av fråvær. (Fylkesmannen i Hordaland)

Lovgrunnlaget for å gje permisjon er opplæringslova § 2-11 første ledd: "Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker."

Har elevar krav på permisjon?

Lovregelen er utforma slik at permisjon ikkje er noko elevane automatisk har krav på. Dette har også samband med at det er lovfesta opplæringsplikt, og dette er igjen knytt til eit minstetal som gjeld timar og fag.

Kan skulen gje permisjonar i meir enn to veker?

Det er ikkje lov å gje permisjon i meir enn to veker. Dersom foreldra ønskjer å ta barna sine ut frå skulen over lengre tidsrom, gjeld reglane for privat opplæring i heimen, jf. §2-13 i opplæringslova.

Kor ofte kan skulen gje permisjon?

Lova set ikkje grenser for kor ofte eleven kan få permisjon. Kravet om at kvar einskild permisjon skal vera forsvarleg vil likevel setja ei grense for kor mange permisjonar ein elevar kan få.

Er svar på søknader om permisjon eit enkeltvedtak?

Dersom permisjon vert gjeven i samsvar med søknaden, så vil det vere mogeleg å forenkle sakshandsaminga. Når det vert gjeve avslag på søknaden, heilt eller delvis, skal permisjonssøknader handsamast som enkeltvedtak i samsvar med reglane i forvaltningslova. Dette medfører mellom anna at vedtaket skal grunngjevast, og at det er klagerett.

Kan mynde til å gje permisjon delegerast til kontaktlærar?

I §2-11 er det ikkje stilt krav til kven som kan handsame søknader om permisjon. Det vil vere kommunen sitt delegasjonsreglement som gjev føringar på dette området.

Kan det stillast krav om at foreldra skal sørge for opplæring i permisjonstida?

Det kan ikkje stillast absolutte krav om at eleven får opplæring i permisjonstida. Det må likevel vurderast om eleven får ei forsvarleg grunnskuleopplæring sjølv dersom søknad om permisjon får positivt vedtak. Vi viser til Ot.prp. nr. 46 (1997-1998):

"Etter departementet sitt syn bør det gjerast klart at slik permisjon berre kan bli gitt når det er forsvarleg ut frå omsynet til opplæringa til den enkelte eleven. I ei slik vurdering må det blant anna leggjast vekt på om og i tilfelle kva for opplæring eleven får i permisjonstida."

I brev til FUG skriv KUF i brev datert 09.10.2001 mellom anna:

"Det er ikke noe vilkår etter §2-1 første ledd at det gis alternativ undervisning, men en eventuell undervisning vil være et skjønnsmoment i forsvarlighetsvurderingen. På en annen side kan kommunen sette som vilkår for innvilgelsen at det gis nødvendig undervisning i permisjonstiden."

Kan det gjevast kollektiv permisjon til ei gruppe elevar?

Her viser vi til brev om "gratisprinsippet" i grunnskulen (Utdanningsdirektoratet 07.07.2006):
"Opplæringsloven § 2-11 regulerer permisjoner fra den pliktige opplæringen. Etter ordlyden i første ledd er det "den enkelte eleven" som kommunen etter søknad kan gi permisjon. Elevene har ikke rett til permisjon etter § 2-11 første ledd. Forutsetningen for å gi permisjon etter første ledd er at det er forsvarlig å gi eleven fri fra opplæringen. Om permisjonen er forsvarlig eller ikke må avgjøres etter en konkret vurdering."

Har eleven rett til å "få att" den opplæringstida han har hatt permisjon?

Syner til brevet om "gratisprinsippet" i grunnskulen (Utdanningsdirektoratet 07.07.2006):
"Det følger av forarbeidene til bestemmelsen at dersom en permisjon er gitt etter første ledd, avkorter det retten til opplæring i for eleven tilsvarende jf. Ot. prp. nr 46 (1997-98). Den opplæringen eleven mister i forbindelse med permisjonen etter § 2-11, har eleven ikke rett til å få erstattet senere."